



Arkiv nr:

Sak nr 32/2020

Møtedato: 29.09.20

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

NYE OPPLYSNINGAR PÅ SIDE 2

Søknad Nøsen Yoga og Fjellhotell om oppføring av badstove ved Nøsen

Fjellstyret har fått sendt over frå Statskog søknad frå Nøsen Yoga og Fjellhotell om oppføring av badstove ved Storfjorden ned for hotellet. Plassering går fram av kart:



Søknad frå Nøsen Yoga og Fjellhotell datert 30.10.19:

Nøsen Yoga og Fjellhotell (Nøsen) søker herved om tillatelse til å oppføre et badstue naust ved Storfjorden ved angitte plassering i vedlagte kart.

Nøsen driver yogaundervisning og fjellhotell i Vestre Slidre. Virksomheten er helårs, og aktiviteten og antall besøkende er markant stigende fra år til år. Svært mange av våre gjester benytter Storfjorden for bading hele året (også isbading), og det er stadig spørsmål om hotellet har badstuefasiliteter, hvilket vi ikke har per dags dato. På denne bakgrunnen, er det mest hensiktsmessig å ha en badstue så nært fjorden som mulig. I vedlagte kart, ser dere at ønsket plassering er i tilknytning til to eksisterende naust. I tillegg er dette den mest naturlige og korteste adkomsten fra hotellet, og gjestenes fortrukne badeplass.

Hensikten er videre at badstuen skal være tilgjengelig for allmenheten mot leie, slik det også vil være for hotellets gjester. Booking av badstuen gjøres over hotellets nettsider, eller ved telefonhenvendelse til resepsjonen. Vårt ønske er at dette skal bli et samlingspunkt for mange mennesker i nærområdet, det være seg fastboende, hytteboere eller hotellgjester.

Dersom ytterligere opplysninger er ønskelig, er det bare å ta kontakt med undertegnede.

Statskog har bedt om informasjon om storleik og har fått slik tilbakemelding:

Etttersom vi ikke har tegnet bygget, er det vanskelig å være eksakt. Det vil imidlertid ha et beskjedent fotavtrykk, ettersom tanken er en maks kapasitet på 16 personer på 3 nivåer (6+6+4). Videre er planen at denne skal være vedfyrt, et lite felt med solceller på taket for innvendig belysning. Videre skal det være plass til et lite skifferom på utsiden i tillegg til ved.

Jeg vedlegger to bilder fra en badstue Oslo i en helt annen utforming, men med samme kapasitet hva angår antall personer. Som du ser, er fotavtrykket relativt begrenset.

Oppføring av badstove er eit grunn disponeringstiltak som Statskog kan gi løyve til jf. §12 i fjellova; *Iverksetjing av grunn disponeringstiltak – herunder tiltak som gjeld vassdrag – i statsallmenning kan berre skje når det ikkje medfører vesentleg skade for nokon som har bruksrett, og under omsyn til prinsippa for naturvern. Om eit tiltak vil medføre vesentleg skade for bruksrettar vert avgjort ved skjøn. Fjellstyret skal gi uttale til grunn disponeringstiltak før Statskog gir løyve.*

Badstova skal plasserast ved sidan av to naust og det er derfor ikkje nytt område som blir teke i bruk. Det er ikkje lagt ved teikningar eller informasjon om storleik. Uttale er derfor basert på at det blir ei utforming som er passart inn i lokal byggeskikk og at bygget ikkje er vesentleg større enn dei nausta som er på plassen. Ein kan ikkje sjå at tiltaket er til ulempe for dei omsyn fjellstyret skal gi uttale til etter §12. Det vil vera eit positivt tiltak for hotellet. Ved at det badstove skal vera open for andre, vil det også vera eit positivt tiltak for andre brukarar av statsallmenningen.

Nøsen Yoga og Fjellhotell har ein støypt innretning ved Haugvørpe som tidlegare vart brukt til leirduekasting. Denne er ikkje i bruk lengre og oppfyller heller ikkje krav til leirduebane. Installasjon bør fjernast før det ev. kan startast å bygge badstove.

Framlegg til uttale:

Fjellstyrt tilrår at Nøsen Yoga og Fjellhotell får løyve til å føre opp badstove slik som det er søkt om. Ein føreset at utforming av bygget passar inn i lokal byggeskikk og ikkje er vesentleg større enn dei nausta som er på plassen. Føresetnad for tilrådinga er at installasjon for leirduekasting blir fjerna og området blir rydda.

Vedtak i sak 38/2019:

Fjellstyret utsett behandling av saka og ynskjer å sjå på tiltaket under befaring den 8.6.20. (samrøystes)

Ny behandling etter befaring:

Fjellstyret var på befaring i området den 8. juni 2020. Det vart sett på plassering både ved Nøsen fjellhotell sitt naust samt ved ynskja plassering rett nedanfor Nøsen.

I befaringa vart det diskutert fordelar og ulemper ved begge plasseringar. Ved ynskja plassering kan det kanskje vere ein større ulempe for beitedyr, men dette ligg nærare Nøsen Fjellhotell og er kortare å gå til fots/på ski ned til eventuell badstove. Ynskja plassering er og ei betre plassering dersom ynsket er meir fred og ro då dette gjev eit meir tilbaketrekt tomt unna trafikken kring Haugvørpe. Ei ulempe her er behov for å frakte ved m.m vert meir tungvint, og vil kanskje kunne krevje løyve til motorisert ferdsel i utmark.

Fjellstyret såg på alternativ plassering inntil/i nærleiken av det naust Nøsen fjellhotell allereie har på Haugvørpe. Målet med denne plasseringa er å samordne trafikken/aktiviteten noko meir enn den ynskja plassering gir. Ulempa er at her er det mykje anna trafikk, og denne plasseringa vil ikkje kunne gje same fred og ro. Ein fordel her er lett tilkomst med ved osv, slik at dette uansett ikkje krev løyve til motorisert ferdsel i utmark.

Dei ulike alternative har både fordelar og ulemper. Det som administrasjonen vektlegg mest er eventuelt behov for motorisert ferdsel i utmark for å kunne drifte dette tilbodet. I tillegg bør det vere eit sentralt punkt om dette anlegget også kan tilbys allmenta, slik at det vert eit tilbod fleire kan dra nytte av.

Søkjer – Nøsen Fjellhotell v/ Alexander Medin er utfordra av administrasjonen på alternativ plassering nær eksisterande naust (ved Haugvørpe), samt evt trong for motorisert ferdsel i utmark for å kunne drifte badstove. I tillegg er det etterspurd teikningar. Det er komme følgjande svar på dette:

Vi ønsker gjerne å ha plasseringen der Harald Ranum og jeg hadde en befarign i våres. Først og fremst for det er en direkte linje ned til Nøsen og det er en bade plass alle våre gjester bruker.

Vi vil ha behov for å kunne frakte ned ved på vinteren med Snøscooter eller kjøre ned med Jeep på høsten. Vi venter fortsatt på tegningen fra arkitekten som skal lage dette og jeg håper vi kan få dette snarest. Om ikke har jeg full forståelse om vi må utsette saken inntil videre. Vår drøm er å kunne bygge tidligst høsten 2021.

Jeg beklager dårlig kommunikasjon fra min side, men sommeren var mer hektisk enn noensinne og høsten kom med nye forpliktelser og oppfølging på hjemmebane.

Behøver dere noen mer informasjon fra min del ta gjerne kontakt så kommer jeg ned på et møte og informere videre.

I si uttale planleggast det kjøring med snøscooter eller bil ned til ønska plassering. Sidan det ikkje er godkjent bilveg frem til ynskja plassering av badstove, må det søkjast om løyve til motorisert ferdsel i utmark for å kunne drifte denne badstove slik Nøsen Fjellhotell no legg opp drifta. Etter administrasjonen sitt syn er dette noko uheldig, og dette kan då tale for at plasseringa bør ligge inntil etablert bilveg så ein unngår meir motorisert ferdsel i utmark. Vidare vil ein kunne få meir sambruk med allmenta dersom dette ligg inntil Haugvørpe, som er ein mykje nytta friluftsplass – noko som er eit positivt tilleggsmoment.

Om plassering heller administrasjonen mot ei tilråding nær Haugvørpe, gjerne i nærleiken av Nøsen sitt naust. Naustet kan då fungere som eit lager for ved osv, slik at ein slepp eventuelle nye byggeplanar om vedskjul m.m. om det skulle komme. Då ligg tiltaket nær bilveg, og det er og mogleg å kunne brøyte dette frem vinterstid dersom det skulle vere aktuelt med tilkomst også for rørsle hemma. Med ei slik plassering vil det ikkje vera nokon grunn for motorisert ferdsel i utmark. I tillegg er det etablert eit toalett tilbod på Haugvørpe, som er ein fordel som taler for denne plasseringa.

Administrasjonen ser poenget med å ha ei plassering som ligg litt for seg sjølv. Der det no er ein støypt innretning til leirduekasting kunne vore eit godt utgangspunkt dersom det skal ligge ved Haugvørpe, som ligg litt utanfor all trafikk, men likevel nært nok eksisterande naust.

Kartutsnitt som viser aktuelt areal for badstove



Når det gjeld teikningar, har ein fortsatt ikkje fått desse. Det er ein del moment som taler for at ein kan behandle plasseringa no i fyrste omgang, slik at dette vert avklara så kan ein heller ha ei ny behandling når byggeteikningar kjem. Særskilt sidan administrasjonen tilrår ei ny plassering som ikkje er i tråd med ynsket til Nøsen Fjellhotell.

Framlegg til uttale:

Fjellstyret tilrår at Nøsen Yoga og Fjellhotell får løyve til å føre opp badstove, på plassering som ligg nær eksisterande naust (Fnr 949).

Føresetnad for tilråding er at utforming av bygget passar inn i lokal byggeskikk og ikkje er vesentleg større enn eit vanleg naust på Haugvørpe. Fjellstyret ber om at teikningar vert oversendt i eige sak i etterkant. Føresetnad for tilrådinga er at installasjon for leirduekasting blir fjerna og området blir rydda.

Vedtak:

Fjellstyret er positiv til at Nøsen Yoga og Fjellhotell kan etablere badstove på Haugvørpe nær eksisterande naust (mellom Fnr 949 og leirduekaster). Det kan gis tilråding i etterkant når det føreligg byggeteikningar. Endelig plassering blir bestemt ved befarung. Føresetnad for tilrådinga er at installasjon for leirduekasting blir fjerna og området blir rydda.

Vedtaket er samrøystes

Tilråding frå fjellstyret er ikkje enkeltvedtak jf. forvaltningsloven og det er derfor ikkje klagerett over vedtaket.

Vestre Slidre fjellstyre den 30.09.2020

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Nøsen Yoga og fjellhotell
Statskog
Vestre Slidre kommune